



DEN NORSKE KYRKJA
Masfjorden sokn

MØTEPROTOKOLL MØTE I MASFJORDEN FELLESRÅD

TID: Onsdag 4.nov 2020 kl. 19:15 – 19:45

STAD: Møterom i 2.etg på kommunens kontorbygg i det gamle sandtaket på Matre.

TILSTADES:

Medlemmer: Rune Garmann
Bente Kvamsdal Håvåg
Rangvald Tangedal
Gunnar Andvik
Aril Andvik
Maja Aven Dahle
Torill Torsvik Størkersen Kommunal representant

Vara medlemmer: Jan Otto Daae
Ingfrid Olaus Hansen Sleire
Svein Birger Haugsdal

Andre: Eli Eidsnes kyrkjevevje

Desse møtte ikkje: Harald Sundsbø Sokneprest
Dina Merete Kallestad Dyrhovden
Harald Mjanger
Atle Nordland
Anne Marit Birkeland Fredriksen

Sakliste:

Sak nr. F-2020/28	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
Sak nr. F-2020/29	GODKJENNING AV MØTEBOK
Sak nr. F-2020/30	NYTT ORGEL I FRØYSET KYRKJE

FELLESRÅDSSAKER

Sak nr. F-2020/28	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
Dette skjedde i møtet	Kommentar: Slike korte møter hadde vore flott å ha digitalt, t.d. på teams. Fint om me kan teste det ut før det tas i bruk.
Konklusjon/vedtak	Innkalling og sakliste er Godkjent.

Sak nr. F-2020/29	GODKJENNING AV MØTEBOK
Saksutgreiing	Vi vel to stykk til å signere møteboka for dei to siste møta.
Konklusjon/vedtak	Rune Garmann og Maja Aven Dahle signerer møteboka.

Sak nr. F-2020/30	NYTT ORGEL I FRØYSET KYRKJE
Saksutgreiing	Rune G. vil gjere greie for arbeidet med å finne fram til den løysinga orgelnemnda meiner vil vere den beste. Kortversjonen av dette er at nemnda ynskjer at det vert kjøpt inn eit nytt digitalt orgel. Før vi kan gjere dette, må vi vite at vi har økonomisk ryggdekning for å kunne foreta innkjøp. Nemnda har lagt til grunn at det skal vere mogleg å få eit digitalt orgel av tenleg storleik på plass for om lag 300.000 kr. Ein har vore i kontakt med rådmannen, som har bede oss snarast råd sende inn ein søknad om ekstraløyving til føremålet. I ettertid har vi fått tilsagn frå ein privatperson om eit bidrag til orgelkjøp på 200.000 kroner, noko som gjer at vi ikkje treng be kommunen om ei så stor ekstraløyving som vi tidlegare har trudd. Ut frå dette vil vi be fellesrådet om å gjere følgjande vedtak: a) Masfjorden fellesråd sluttar seg til orgelnemnda si innstilling på at ein går inn for at det vert kjøpt inn eit digitalt orgel, og gjev nemnda mandat til å be om tilbod frå forhandlarar. b) Fellesrådet gjev orgelnemnda løyve til å vende seg til kommunen med spørsmål om ekstraløyving til restfinansiering av orgelet. c) Fellesrådet bed orgelnemnda om å ta initiativ til innsamling av midlar til å finansiere resten av kostnadane med orgelet.
Dette skjedde i møtet	Rune fortalte om arbeidet som orgelnemnda har gjort, og om vidare framdrift i saka. Sjå vedlegg 2020-19 .
Konklusjon/vedtak	Vedtaksforslaget blei einstemma vedtatt slik det ligg føre.